

Høyringsuttale (2. gong) frå Gjemnesstranda Velforening v/ styret:

Sjøområdeplan Nordmøre.

Vi uttalar oss om det av Sjøområdeplana som gjeld Batnfjorden i Gjemnes kommune. Vi viser til kart med skraverte område merka VKA05 1557 Batnfjorden.

Vi ser det slik at Batnfjorden er totalt uegna til oppdrett(laks,kveite,...).

Grunngjeving:

- Batnfjorden er ein "blindtarm" med nedsett utskifting av vatn i forhold til i ein «open» fjord. Eventuell forureining frå oppdrett vil da bli verande i fjorden over lengre tid.

- Det er ikkje «fake news» at oppdrettsanlegg produserer store mengder forureining i form av møkk, forrestar, restar av medisin, men også rømt fisk. Sjøfarande folk fortel at på stille dagar kan ein sjå ei tydeleg feitthinne på fjordoverflata.

- Innerst i Batnfjorden er det årvisst gyteområde for torsk.

- Frå gammelt av var/ er Batnfjorden ein fjord med årvisst sildefiske og oppvekstområde for sildeyngel.

- I kalde periodar om vinteren frys vatn fra elvar og bekkar til is, som så kjem ut fjorden, ofte mest langs sørsida av fjorden. Vi veit at slik is andre stader(på Tingvoll) har øydelagt nøter og ført til at fisk har rømt.

- Batnfjordselva har ein laksestamme som har vore hardt utsett for gyrodaktulus. Elva har vore behandla 2 gonger med rotenon/aluminium. Eit oppdrett med luseproblem vil ikkje gjere situasjonen betre - korkje for laksestammen eller for sjøauren.

- Batnfjorden har mange gode fiskeplassar som blir brukte heile året. Fleire lokale yrkesfiskarar , men også framande båtar er ofte innom fjorden med garn, teiner eller andre fiskereiskap. Dersom fjordområdet vert forureina frå eit oppdrettsanlegg, kan levebrødet til fleire stå på spel.

- Rundt fjorden kan ein telja om lag 70 naust. I tillegg er det to småbåthamner med fleire titalls små og større båtar. Hobbyfiske og matauk har vore og er fortsatt viktig for mange som bor ved fjorden.

-Utleige av hus og båtar til ivrige fisketuristar frå inn- og utland er det mange som driv med. For både fastbuande og turistar er det ikkje det samme om om det er pellets eller brisling dei finn i torskemagen. Også her er det snakk om arbeidsplassar.

- Det er allerede oppdrettsanlegg i dei fleste fjordane på Nordmøre. Vi meiner at det er ønskeleg at nokre fjordar er fri for oppdrett og dei uheldige miljøpåverknader som kjem derifrå.

-Urørt natur må vi verne om. Vi må verne om område der vi kan drive friluftsliv og rekreasjon.

KONKLUSJON:

Det innteikna området VKA05 1557 Batnfjorden må takast ut av plana.

Gjemnes, 17. januar 2018

Helsing frå styret i Gjemnesstranda Velforening v/ Stein Olav Harstad,

Gjemnesvegen 668, 6633 Gjemnes